

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 06.02.2008 **Tid:** 15.00 – 17.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Gunnar Bruvik

I staden møtte:

Thyra Pedersen

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar av teknisk eining, Plan- og miljøkonsulent og adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 7. februar 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Olaug Øystese reiste spørsmål om vegen til Totræna. Det var drøftingar i møtet om kva kommunen kunne og burde gjera. Det var semje om at vegen er dårleg, og det bør vurderast som eit strakstiltak å setja opp skilt med opplysning om standarden på den private vegen frå kommunal parkeringsplass. Den kommunale parkeringsplassen må framhevast slik at folk stoppar her.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Det vart informert om Statnett sine tankar om etablering av ein kaifront i Bjørkheimsområdet for å ta på land ein stor trafo som skal til Børdal. Administrasjonen reiste spørsmål både om det var akseptabelt i høve til reguleringsplanen og strandsoneproblematikk og vidare om kommunen bør utgreia etablering av ei meir permanent kommunal kai.

Landskapsanalyser for bustadområda Lønnebakken og på Erikajorda vart presenterte, og det vart peika på ein del problemstillingar som er reist i samband med analysearbeidet.

Møte med Vestlandshus om utbygging på Lønnebakken. Det er reist spørsmål frå firmaet om fleire tomter kan omdisponerast til fleirbustadhus. Naturutvalet vil få dette som sak i neste møte.

Innbyding frå fylkesmannen om opplæring av nye folkevalde i planlover. Påmeldingsfrist er 13.02. Sture Tveit, Helga Nygård og Olaug Øystese ønskjer å ta del. Kommunen har fått tildelt 4 plassar.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/08	07/00418 KLAGE PÅ VEDTAK DELINGSSAK GNR 4, BNR 1
0002/08	08/00011 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR RADARMASTER. PÅ GNR.12 BNR.6 LIODDEN OG GNR.4 BNR.3. TRENGEREIDFJORD
0003/08	03/00465 FJERNING AV ULOVLEG INNSTALERT VASSKLOSETT I HYTTE PÅ GNR.37 BNR.46 I HOLMANE. VURDERING AV TVANGSMULKT.

0001/08

**KLAGE PÅ VEDTAK
DELINGSSAK GNR 4, BNR 1**

Framlegg til vedtak::

Etter vurdering av klage som er sett fram av Frode og Vibeke Vinje Våge på vegne av Torleif Våge dagsett 11.12.07 finn ein ikkje at det ligg føre nye moment. Tidligare vedtak vert oppretthalde.

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det ikkje gjeve dispensasjon for å dela i frå ein parsell til bustadhus frå gnr. 4 bnr.1. Det er ikkje gjeve særlege grunnar for å gje dispensasjon i denne saka.

Etter jordlova § 12 vert det helde fast ved at deling ikkje kan godkjennast.

Handsaming i møte:

Thyra Pedersen sette fram slikt framlegg:

I tråd med ”Samnanger kommune – der du vil leva og bu” setter jeg fram forslag om å gi delingsløyve dersom det er helst nødvendig mht. finansiering.

Det vart røysta alternativ over framlegget frå Pedersen

3 røysta for framlegget frå Pedersen og 4 for framlegget frå administrasjonssjefen.

Vedtak:

Etter vurdering av klage som er sett fram av Frode og Vibeke Vinje Våge på vegne av Torleif Våge dagsett 11.12.07 finn ein ikkje at det ligg føre nye moment. Tidligare vedtak vert oppretthalde.

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det ikkje gjeve dispensasjon for å dela i frå ein parsell til bustadhus frå gnr. 4 bnr.1. Det er ikkje gjeve særlege grunnar for å gje dispensasjon i denne saka.

Etter jordlova § 12 vert det helde fast ved at deling ikkje kan godkjennast.

0002/08

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR RADARMASTER.
PÅ GNR.12 BNR.6 LIODDEN OG GNR.4 BNR.3. TRENGEREIDFJORD**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå forbod mot bygging i LNF området, for bygging av 2 radarmaster.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for 2 radarmaster.

Ei på gnr.12 bnr.6 og ei på gnr.4 bnr.3. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.03.01.2008.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå forbod mot bygging i LNF området, for bygging av 2 radarmaster.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for 2 radarmaster. Ei på gnr.12 bnr.6 og ei på gnr.4 bnr.3. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.03.01.2008. Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0003/08

**FJERNING AV ULOVLEG INNSTATLERT VASSKLOSETT I HYTTE PÅ GNR.37
BNR.46 I HOLMANE. VURDERING AV TVANGSMULKT.**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 116a skal vassklosett vera fjerna innan 01.04.2008. Dersom vassklosett ikkje er fjerna innan fristen, vert eigar av gnr.37 bnr.46 ilagt ein dagmulkt på kr.300,- pr. dag til vassklosettet er fjerna. Eigar må etter nærare avtale med Teknisk eining møte i hytta den 01.04.08 for kontroll av om pålegget er etterkome.

Med heimel i plan og bygningslova § 116a skal vedteken avløpsløyving for vaskevatn vera ferdig opparbeidd innan 02.06.2008. Dersom avløpsanlegget ikkje er ferdig innan fristen, vert eigar av gnr.37 bnr.46 ilagt ein dagmulkt på kr.300,- pr dag til lovleg avløp er etablert. Eigar må etter nærare avtale med Teknisk eining møte på tomten mandag 02.06.2008 for kontroll av om pålegget er etterkome.

Dersom ingen av tiltaka er ferdig innan 02.06.2008, skal samla dagmulkt vera kr.400,- pr.dag.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket. Frist for dagmulkt gjeld uavhengig av eventuell klagehandsaming.

Handsaming i møte:

Helga Nygård ba om å få vera ugild ved handsaming av denne saka.

Utvalet drøfta spørsmålet. Ein røysta mot at ho var ugild, dei andre røysta for at ho skulle få vera ugild.

Øyvind Røen som er varamann for Nygård kom til møtet og var med under handsaming av saka.

Utvalet vedtok samrøystes administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 116a skal vassklosett vera fjerna innan 01.04.2008. Dersom vassklosett ikkje er fjerna innan fristen, vert eigar av gnr.37 bnr.46 ilagt ein dagmulkt på kr.300,- pr. dag til vassklosettet er fjerna. Eigar må etter nærare avtale med Teknisk eining møte i hytta den 01.04.08 for kontroll av om pålegget er etterkome.

Med heimel i plan og bygningslova §116a skal vedteken avløpsløyising for vaskevatn vera ferdig opparbeidd innan 02.06.2008. Dersom avløpsanlegget ikkje er ferdig innan fristen, vert eigar av gnr.37 bnr.46 ilagt ein dagmulkt på kr.300,- pr dag til lovleg avløp er etablert. Eigar må etter nærare avtale med Teknisk eining møte på tomten mandag 02.06.2008 for kontroll av om pålegget er etterkome.

Dersom ingen av tiltaka er ferdig innan 02.06.2008, skal samla dagmulkt vera kr.400,- pr.dag.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.
Frist for dagmulkt gjeld uavhengig av eventuell klagehandsaming.